

Kongevegbedriftene

DEN GULE KRAMBUA



BOOKE OVERNATTING

Om Den Gule Krambua

Den Gule Krambua er ei av dei fire, kjende krambuene som står på rekke i Øyragata på Gamle Lærdalsøyri.

Her hadde handelsmannen [Jan Henrik Nitter Hansen](#) landhandelen og lageret sitt på midten av 1800-talet. No er pakkromma i andre etasje gjort om til ein historisk leilighet.

Det største pakkrommet er no blitt ein moderne leilighet med stove, fullt utstyrt kjøken og moderne bad med vaskemaskin, men står framleis fram slik det var då Hansen arbeidde her.

Mellom anna står den gamle lagerdøra framleis. Det er vinsj og talje, krokhar og tau, og i bygget fins det handelshyller og «mjålabår», som var kasser for lagring av mjøl - og mykje anna.

Det minste pakkrommet er blitt eit dobbelt soverom i [oskariansk](#) stil, med utsikt mot livet i Øyragata, som var ei av dei første, og til tider mest travle, handlegatene på Vestlandet.

[Gamle Lærdalsøyri](#) er mellom dei best bevarte trehusmiljøa i Norge. Staden er ein vaskeekte handelsstad frå tida då nordmenn reiste på handel med hest og kjerre, og då dampbåten låg og prusta ved bryggja.

Det er ofte blitt sagt at krambuene og miljøet rundt er ein miks av «Bør Børson» og «Jul i Skomakergata».

No kan den Gule Krambua bli heimen din her.

Velkommen til opplevinga!

Den Gule Krambua er totalrenovert etter privat initiativ og med støtte frå [Norsk Kulturminnefond](#).



«Den Gule Krambua» på Gamle Lærdalsøyri

Alle

Les meir




Odd Helge Brugrand



(+47) 400 65 069

Heimeside

E-post



Kongevegen over Filefjell

info@visitkongevegen.no



 [Bruk av cookies](#)